

Fra: Endre Eidsvik[EEL@viking-life.com]  
Sendt: 16.04.2020 23:29:08  
Til: Post[post@kvinherad.kommune.no]  
Tittel: Klage på forvaltningsutvalet vedtak nr. 2020/35

Syner til **Særutskrift – 123/40 – Naust – Uskedalen – Else Djuve Arnesen og Sigurd Arne Arnesen, ref : 2019/2824-8 datert 26.03. 2020.**

Kvinherad forvaltningsutval hadde saka føre i møte 11.03.20, ved vedtak nr. 2020/35, og godkjent tiltaket slik som omsøkt. Ein har valgt å sjå bort fra innstillinga frå kommunedirektøren, og vektlagt søkjars merknader til saka.

Våre merknader til nabovarselet, som eigarar av 123/303, er ikkje hensynteke.

Vi meiner at det er viktig at mønehøgda ikkje kjem høgare enn strengt nødvendig, og at det må foreleggja gode grunnar for at det skal akseptierast.

Sidan vi og er eigar av 123/56, så er vi godt kjent med strandsona nedanfor oss, og sjølvstapt opptekne av at det skal være estetisk i forhold til øvrige bygg i området og at mønet ikkje skal komme for høgt i terrenget. (kote nivået)

Vi registrerer at det i saksframlegget står mønehøgde 5,8 meter, men på tegning vedlagt nabovarselet så er høgda oppgitt til å være ca 5,9 mtr over grunnplan.

Vidare så observerar vi at forvaltningsutvalet legg til grunn at **nabonaust har tilsvarande mønehøgde**, og vi tilet oss difor å informere om oppmålte møne høgder på nabonausta, i forhold til mønehøgde på omsøkt naust.

Med mønehøgde 5,9 mtr som utgangspunkt så kjem mønet på omsøkt naust 1,5 mtr høgare enn nabo naustet på vestsida, og 80 cm høgare enn nabo naustet på austsida.

Vi kan ikkje sjå at dette skal være i kategorien *tilsvarande mønehøgde*.

På vedlagt bilete så vil ein sjå korleis dette vil sjå ut omtrentlig frå 123/303.

Vi meiner det er viktig at ein har eit best mogleg bilete av dette for vurdering av vedtaket, og vi ser positivt på om mønehøgda kan reduserast.

Med venleg helsing  
Valborg Sjøwall og Endre Eidsvik



